

## Årsmelding 2006 for Norsk Bane AS

### 1. Hovudpunkt i den politiske utviklinga

I 2006 fekk Norsk Bane AS for første gong brei politisk aksept for ambisjonane om eit nasjonalt høgfarbansbanenett. Drøftingar og vedtak i mest alle politiske miljø, medieoppslag i hittil ukjent omfang, nye positive signal frå viktige delar av fagmiljøet og ein god dialog med den politiske leiinga i Samferdsledepartementet var nokre av dei mest synlege prova på at Norsk Bane AS sitt årelange informasjonsarbeid hadde synt resultat. Desse resultatata gjorde det òg mogeleg å handtere ein del utfordringar på ein konstruktiv måte, m.a. i samband med initiativet til ein ”sørnorsk høgastighetsring” og med Jernbaneverket si utgreiing av høgfarbansbaner i Noreg.

### 2. Særskilde hendingar

#### a) Jernbaneverket si høgfarbansutgreiing

Samferdsledepartementet bad i mai 2005 Jernbaneverket om å gjennomføre ei uavhengig utgreiing av høgfarbansbaner i Noreg. Likevel byrja ikkje Jernbaneverket før i mars 2006 med å utarbeide ein utlysingstekst. På dette tidspunktet hadde Norsk Bane AS hatt to møte med den nye politiske leiinga i Samferdsledepartementet og avtalt eit tredje. Statsråd Navarsete stadfesta behovet for eit uavhengig og kompetent utgreiingsarbeid den 1.3.06 etter spørsmål frå Stortinget.<sup>1</sup>

Jernbaneverket sin utlysingstekst viste seg å ha urealistiske tidsfristar og mange uheldige metodiske føringar. Norsk Bane AS valde med breva<sup>2</sup> av 19. og 22.5.06 å informere den politiske leiinga i departementet og regjeringsspartia sine medlemmar i Transport- og kommunikasjonskomitéen på Stortinget om ”mistanken om uryddig framgangsmåte” frå Jernbaneverket si side. Uromeldingane førte fram. Lysingsteksten og tidsfristane vart endra, og velkvalifiserte firma som Jernbaneverket alt hadde silt ut i prekvalifiseringsfasen, fekk på nytt ta del i tevlinga.

Knapt to månader seinare tildelte Jernbaneverket oppdraget til ei gruppe tyske høgskuleinstitutt og konsulentfirma under leiing av VWI Stuttgart GmbH. Valet syntest underleg, m.a. av di Jernbaneverket hadde valt det einaste tilbodet der konsulentgruppa ikkje hadde nokon norsk partnar eller nokon referanse frå Noreg. Jernbaneverket fekk såleis stor innverknad på sjølve utgreiingsarbeidet og engasjerte i tillegg andre firma etter eige val og utan tilbodstevling til utgreiingsarbeidet. Ei ny uromelding<sup>3</sup> frå Norsk Bane AS, sendt midt på sommaren den 12.7.06, gav diverre få konkrete resultat, men skjerpa det politiske miljøet si merksemd omkring Jernbaneverket sitt utgreiingsarbeid. I fleire månader diskuterte ein t.d. behovet for ei ekstern kvalitetsstyringsgruppe med deltaking frå Norsk Bane AS.

På ein konferanse i slutten av november 2006 presenterte VWI Stuttgart GmbH resultatata<sup>4</sup> av den første utgreiingsfasen. Ein hevda at berre sambanda Oslo – Trondheim via Østerdalen og

<sup>1</sup> <http://epos.stortinget.no/SpmDetalj.aspx?id=33872>

<sup>2</sup> <http://www.norskbane.no/nb/HoyhastighetsUtredningJBV1.pdf> og <http://www.norskbane.no/nb/HoyhastighetsUtredningJBV2.pdf>

<sup>3</sup> <http://www.norskbane.no/nb/HoyhastighetsUtredningJBV3.pdf>

<sup>4</sup> <http://www.norskbane.no/nb/AbstractVWI.pdf>

Oslo – Gøteborg er aktuelle for meir detaljerte granskingar. Norsk Bane AS fekk som einaste instans utanom initiativtakarane bak ”høyhastighetsringen” høve til å halde eit innlegg<sup>5</sup> på den same konferansen, og påviste ei rekkje hårreisande føresetnader for VWI sine konklusjonar. NSB og fleire andre instansar etterlyste VWI sitt grunnlagsmateriale, men fekk aldri nokon dokumentasjon.

Den politiske debatten kulminerte i desember. Statsråd Navarsete overprøvde VWI sin konklusjon og instruerte Jernbaneverket til å gjennomføre meir detaljerte granskingar òg av høg-fartsbaner mellom Oslo, Bergen og Stavanger. Detaljeringa var likevel framleis avgrensa til turistkartnivået. Like etter bad Jernbaneverket Norsk Bane AS om å få oversendt ”all dokumentasjon som foreligger pr. dags dato om Haukelibanen”. Selskapet svarte imøtekomande, men bad òg departementet om ein del avklaringar for å tryggje eit habilt og kompetent utgrei-ingsarbeid om høg-fartsbaner mellom Aust- og Vestlandet. Etter fem månader inn i 2007 var Norsk Bane AS kome fleire steg vidare, men på langt nær i mål.

### b) Høyhastighetsringen

Høgres Stortingsrepresentant Øyvind Halleraker frå Sunnhordland lanserte i mars 2006 tanken om ein høg-fartsbane mellom Bergen og Stavanger via Stord. Utspelet var utan jarnbanefagleg fundament, men var likevel eit viktig bidrag til den politiske mobiliseringa for høg-fartsbaner. For første gong valde ein sentral politikar i Høgre å byte ut ringeakt for moderne jarnbane sitt potensiale med ein sterk nærings-, mobilitets- og miljøpolitisk argumentasjon for høg-fartsbaner i Noreg. Norsk Bane AS helsa haldningsendringa velkomen, men kritiserte òg – m.a. i ein kronikk<sup>6</sup> i Haugesunds Avis 30.3.06 – mangelen på realisme i både lineføring, kostnadsover-slag og inntekspotensiale som Halleraker hadde skissert.

I mai 2006 presenterte Halleraker eit nytt framlegg. No hadde han kombinert strekninga Ber-gen – Stavanger med høg-fartsbaner Oslo – Bergen via Finse og Oslo – Stavanger via Kristian-sand til det han kalla ”den sørnorske høyhastighetsringen”. Heller ikkje dette framlegget var tufta på noko fagleg fundament, men opparbeidde seg i den politiske debatten likevel ein posi-sjon som eit slags alternativ til Norsk Bane AS sine detaljerte planar for Haukelibanen. 1.6.06 fremja t.d. alle Stortingsrepresentantane frå Høgre frå dei involverte fylka eit ønskje<sup>7</sup> i Stortin-get om å få greidd ut ein ”sørnorsk høyhastighetsring”.

Hausten 2006 prøvde Norsk Bane AS gjentekne gongar å invitere initiativtakarane bak ”høy-hastighetsringen” til ein fagleg gjennomgang av ulike framlegg, men lukkast ikkje før 15.2.07, tretten dagar etter at aksjeselskapet ”Høyhastighetsringen AS” var stifta. Gjennomgangen syn-te stor usemje om kva som bør vere vilkåra for og målet med ein høg-fartsbane.

### 3. Møteverksemd

Styremedlemene og dagleg leiar hadde mange møte og presentasjonar i 2006. Fleire av desse var politisk svært viktige, m.a. møtet med statsrådene Liv Signe Navarsete og Terje Riis Jo-hansen den 25.4. eller presentasjonen på Vekterforum 2006 den 9.11., med føredrag frå Liv Signe Navarsete, Siv Jensen, Kåre Valebrok og Jørg Westermann.

*Samferdsledepartementet og Stortinget:* Navarsete og Riis-Johansen (25.4.), Erik Lahnstein (5.1., 6.3. og 7.9.), regjeringspartia sine medlemar i Transport- og kommunikasjonskomitéen (30.5. og 16.11.), Vestfold- og Telemarksbenken (6.6.), Framstegspartiets Stortingsgruppe (11.12.), Hallgeir Langeland (25.4.) og Øyvind Halleraker (16.11.).

<sup>5</sup> <http://www.norskbane.no/nb/innlegg221106.pdf> og <http://www.norskbane.no/nb/folier221106.ppt>

<sup>6</sup> <http://www.norskbane.no/filer/HgsdAvis300306.pdf>

<sup>7</sup> <http://www.stortinget.no/dok8/2005/dok8-200506-094.html>

*Partiorganisasjonar og einskildpolitikarar:* Fylkestingsgruppa til Rogaland Arbeidarparti (22.2.), Arbeidarpartiet på indre Haugaland og Ryfylke (20.4.), Ola Røtvei, Oppdal (27.3.) og SVs generalsekretær Edle Daasvand Skjæveland (3.2.).

*Kommunar og fylke:* Suldal kommunestyre (1.2.) og Tysvær formannskap (20.6.).

*Organisasjonar og verksemder:* Naturvernforbundet i Hordaland (13.3.), Bjørgvin Bispedøme (13.3.), Haugaland Gass (20.6.), Flyplassleinga på Torp (16.11.) og Drammen Næringslivsforening (23.11.).

*Opne møte, konferansar o.l.:* Karmsund Folkemuseum (22.1.06), NTNU sitt studentlag (6.3.), Senterungdommen, Vårslepp på Dombås (26.3.), NITO i Nordrogaland og Sunnhordland (31.3.), Jernbane som bredbånd (4.4.), Ryfylke Arbeidsmannsklubb, Jelsa (20.6.), Karmsund Lions (7.8.), AUF, Senterungdommen og Sosialistisk Ungdom i Rogaland (9.9.), Vindafjord Høgre (26.10.), Vekterforum 2006 (9.11.) og Øyfjell (17.11.).

I tillegg hadde styremedlemene og dagleg leiar i Norsk Bane AS fleire uformelle møte med m.a. journalistar, personar i ulike fagmiljø, aksjonærar, firma for nettsideutvikling, osb. Fleire av styremedlemene var òg i andre relevante møte, men då primært som utsendingar for sine respektive partilag. Om lag 25 % av Norsk Bane AS sine samla reisekostnader vart refunderte av ulike møtearrangørar.

#### 4. Medier

I 2006 kunne ein registrere medieoppslag i hittil ukjent omfang om Norsk Bane AS og høg-fartstog generelt. T.d. hadde NRK eit lengre innslag<sup>8</sup> på Dagsrevyen den 17.6.06, medan Morgenbladet publiserte ein artikkelserie<sup>9</sup> i september. Bergens Tidende og Haugesunds Avis utmerka seg med svært mange redaksjonelle oppslag og etter kvart bortimot daglege leserinnlegg. Også Jernbaneverket sitt internblad byrja til hausten med ei rekkje reportasjar om høg-fartstog i utlandet.

Samanlikna med tidlegare år, hadde Norsk Bane AS likevel litt færre eigne bidrag eller svar på andre sine innlegg. Det lukkast heller ikkje i 2006 å vinne hovudstadsavisene for ei kontinuerleg dekning av saka, trass i mange skriftlege og munnlege innspel til redaksjonane. Stavanger Aftenblad var heller ikkje særleg oppteke av høg-fartstog før heilt mot slutten av 2006.

#### 5. Anna informasjonsarbeid

I 2006 vart det særst tydeleg at Norsk Bane AS har opparbeidd seg ein solid posisjon som ein påliteleg faginstans. Selskapet mottok svært mange førespurnader om informasjon og vurderingar frå alle delane av det politiske miljøet, frå fagmiljøa og frå mediene. M.a. bad regjeringsspartia sine medlemar i Transport- og kommunikasjonskomitéen den 8.6.06 om eit eige innspel<sup>10</sup> til regjeringa sin framtidige jarnbanepolitikk.

Målt i talet på inngåande elektronisk post, var pågangen om lag 60 % større enn året før. Det kravde store delar av selskapet sin arbeidskapasitet, og resulterte m.a. i få og marginale oppdateringar av internett-sidene og færre orienteringar til aksjonærane enn tidlegare. Det lukkast heller ikkje å produsere noko informasjonsmaterieil, utover ei oppdatert utgåve av oppslaget i "På Sporet". Men medlemene i det stendig veksande kontaktnettet kunne t.d. frå mars 2006 laste ned powerpoint-filer som Norsk Bane AS nyttar til presentasjonar, inkludert forklaringar og kjeldeoppgåver.

<sup>8</sup> <http://www.norskbane.no/filer/NRK170606.mpg>

<sup>9</sup> <http://www.norskbane.no/filer/Morgenbladet010906.pdf>

<sup>10</sup> <http://www.norskbane.no/filer/InnspillStorfraksjon20060608.pdf>

## 6. Planfagleg arbeid

Norsk Bane AS gjennomførte i 2006 eit breitt jarnbanefagleg arbeid. For Haukelibanen utvikla ein eit nytt framlegg til lineføringa mellom Røldal og Brattland, og byrja mot slutten av året med å kalkulere kostnadene for ein gjennomgåande dobbeltspora bane. Ein gjennomførte òg nye analysar av korleis Haukelibanen vil påverke klima og næringsliv.

Norsk Bane AS hadde vidare mykje kontakt med kommunane langs Haukelibanen. T.d. fekk Odda og Vindafjord hjelp til å innarbeide aktuelle lineføringar i arealplanane sine, Tysvær fekk eit innspel til planarbeidet for Aksdal sentrum, og i Vinje deltok Norsk Bane AS på eit møte på Botn om hyttebygging nær Haukelibanen.

Den 27.2.06 inviterte Norsk Bane AS fylkeskommunane i Hedmark, Oppland, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og Møre og Romsdal til eit spleiselag om ei utgreiing av aktuelle høgfarbansar i denne delen av landet, men fekk lite respons. Norsk Bane AS utarbeidde likevel eit detaljert planframlegg<sup>11</sup> for eit vel 50 km langt avsnitt mellom Stange ved Hamar og Venjar sør for Eidsvoll, m.a. for å gjere Stortinget kjent med alternativ til Jernbaneverket sine planar for ein dyr og lite tenleg bane langs og i Mjøsa. Framlegget vart presentert<sup>12</sup> i april 2006 i samarbeid med Norges Naturvernforbund, og fekk brei politisk merksemd. Norsk Bane AS laga òg detaljerte notat om alternativa til Jernbaneverket sine planar for Vestkorridoren<sup>13</sup> og Tønsberg – Barkåker<sup>14</sup>.

## 7. Økonomi

Norsk Bane AS hadde i 2006 samla inntekter på kr 302.761, og utgifter på kr 268.109. Det resulterte i eit driftsoverskot på kr 34.652 – eller kr 24.950 etter skatt. (Norsk Bane AS hadde eit underskot i 2002 og betaler ikkje skatt før dette underskotet er jamna ut.) I tillegg auka overkursfondet med kr 7.220. Både inntektene og utgiftene var ca. 20 % lågare enn budsjettet som generalforsamlinga vedtok om lag midtvegs i året 2006.

Norsk Bane AS sine driftsinntekter i 2006 skreiv seg frå m.a. eit konsulentoppdrag for Haugaland Gass og honorar for presentasjonar. Selskapet fekk òg eit driftstilskot på kr. 3.000 frå privat aksjonær Dag Hallvard Østtveit. Mesteparten av inntektene var likevel renteinntekter av aksjekapitalen og driftstilskot frå kommunar langs Haukelibanen. Ei rekkje søknader om tilskot frå næringslivet gav ikkje noko resultat. Derimot synte aksjekapitalen ein kraftig auke. Irekna teikningane som vart godkjende 15.1.07, auka aksjekapitalen med kr 559.000 eller om lag 25 %. Talet på aksjonærar auka med 29 %.

I tråd med arbeidsplanen som generalforsamlinga vedtok i juni i fjor, byrja styret å drøfte ulike organisasjonsformar og tiltak for å styrkje selskapet sitt økonomiske fundament. Arbeidet inkluderte konsultasjonar hjå personar med organisatorisk og finansiell kompetanse og vart ført fram mot eit heildags strategimøte den 1.3.07, med deltaking frå alle styremedlemene. Konklusjonane kjem til uttrykk i tilrådingane til denne generalforsamlinga.

Rekneskapan for 2006 er basert på at verksemda til Norsk Bane AS vil halde fram.

## 8. Om selskapet sine organ

### *Generelt*

Den høge møteaktiviteten til styret og dagleg leiar har påført det ytre miljøet påkjenningar i form av ureiningar frå transportmidlar. Andre påkjenningar vart ikkje registrerte.

<sup>11</sup> Utdrag på <http://www.norskbane.no/filer/eidsvoll1.pdf>, <http://www.norskbane.no/filer/eidsvoll2.pdf> og <http://www.norskbane.no/filer/eidsvoll3.pdf>

<sup>12</sup> <http://www.naturvern.no/cgi-bin/naturvern/imaker?id=83683>

<sup>13</sup> <http://www.norskbane.no/filer/Vestkorridor.pdf>

<sup>14</sup> <http://www.norskbane.no/filer/TonsbergBarkaker.pdf>

*Aksjonærane*

Norsk Bane AS hadde 233 registrerte aksjonærar ved utgangen av året og ein aksjekapital på kr 2.529.000. Det svarer til eit innskot på kr 10.850 pr. aksjonær i gjennomsnittet. Blant aksjonærane var 14 kommunar eller kommunale selskap som til saman eigde 43,8 % av aksjekapitalen. Aksjonærar som held til i Rogaland og Telemark stod for om lag 70 % av selskapet sin aksjekapital.

*Styret*

Norsk Bane AS hadde våren 2006, fram til generalforsamlinga 19.6.06, følgjande styre: Kjell Stundal (leiar), Einar Velde (nestleiar), Laura Selveit, Erling Svalastog, Per Espen Fjeld, Bjørn Vivelid og Terri Senior. På generalforsamlinga valde ein Eyvor Kristin Aas som erstatning for sistnemnde. Peter Warren vart vald til nytt styremedlem på ekstraordinær generalforsamling den 25.10.06.

Styret har hatt fem møte: 1.3., 19.6., 22.9., 14.11. og 4.12., fire av desse som telefonmøte. Styremedlemene mottok ikkje godtgjersle eller kompensasjon for tapt arbeidsinntekt i 2006, men betalte tvert imot alle utgiftene, t.d. reiser, av eiga lomme. Især styreleiar Kjell Stundal la ned ein stor uhonorert arbeidsinnsats.

*Dagleg leiar*

Norsk Bane AS hadde i 2006 éin tilsett, dagleg leiar Jørg Westermann. Det vart ikkje registrert sjukefråvær eller skader. Dagleg leiar fekk løn for vel 25 % stilling i 2006, men la òg ned ein omfattande uhonorert arbeidsinnsats.

*Revisor*

Hans Grønnestad hjå Deloitte AS i Haugesund var Norsk Bane AS sin revisor i 2006, og vart attvald på generalforsamlinga 19.6.06.

Ålesund, 29.5.2006

Kjell Stundal styreleiar	Einar Velde nestleiar	Laura Seltveit styremedlem	Eyvor Kristin Aas styremedlem
Erling Svalastog styremedlem	Per Espen Fjeld styremedlem	Peter Warren styremedlem	Bjørn Vivelid styremedlem

**Norsk Bane AS**  
Resultatrekneskap

Note	2006	2005
<i>Driftsinntekter og driftskostnader</i>		
	226.914	218.780
	<b>226.914</b>	<b>218.780</b>
3	131.229	96.459
3	136.880	180.703
	<b>268.109</b>	<b>277.162</b>
	<b>-41.195</b>	<b>-58.382</b>
	75.847	46.629
	<b>75.847</b>	<b>46.629</b>
	<b>34.652</b>	<b>-11.753</b>
2	9.702	-3.291
	<b>24.950</b>	<b>-8.462</b>
<i>Overføringer</i>		
	24.950	-8.462
	<b>24.950</b>	<b>-8.462</b>

# Norsk Bane AS

## Balanse

Note		2006	2005
	<i>Eigendelar</i>		
	<b>Anleggsmidler</b>		
2	Utsett skatteføremøn	122.129	131.831
	<b>Sum immaterielle eigendelar</b>	<b>122.129</b>	<b>131.831</b>
	<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>122.129</b>	<b>131.831</b>
	<b>Omløpsmidlar</b>		
	Kundefordringar	75.000	223.768
	Andre fordringar	0	51.250
	Bankinnskot, kontantar o.l	2.571.736	1.988.549
	<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>2.646.736</b>	<b>2.263.567</b>
	<b>Sum eigendelar</b>	<b>2.768.865</b>	<b>2.395.398</b>

# Norsk Bane AS

## Balanse

Note	2006	2005
<i>Eigenkapital og gjeld</i>		
<b>Innskoten eigenkapital</b>		
Aksjekapital	2.480.000	2.180.000
Overkursfond	13.558	6.338
Ikkje-registrert kapitalutviding	49.000	70.000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>	<b>2.542.558</b>	<b>2.256.338</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>		
Annan eigenkapital	-314.043	-338.993
<b>Sum opptent eigenkapital</b>	<b>-314.043</b>	<b>-338.993</b>
1 <b>Sum eigenkapital</b>	<b>2.228.515</b>	<b>1.917.345</b>
<b>Gjeld</b>		
Langsiktig gjeld elles	402.000	422.000
<b>Sum langsiktig gjeld elles</b>	<b>402.000</b>	<b>422.000</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>		
Leverandørgjeld	3.667	3.785
Skattetrekk og andre trekk	1.737	1.277
Anna kortsiktig gjeld	132.946	50.991
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>138.350</b>	<b>56.053</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>2.768.865</b>	<b>2.395.398</b>

Ålesund,

Kjell Stundal  
styreleiar

Einar Velde  
nestleiar

Laura Seltveit  
styremedlem

Eyvor Kristin Aas  
styremedlem

Erling Svalastog  
styremedlem

Per Espen Fjeld  
styremedlem

Peter Warren  
styremedlem

Bjørn Vivelid  
styremedlem



# Norsk Bane AS

## Noter til rekneskapen for 2006

### Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postar verdsette og periodiserte i samsvar med føresegnene i rekneskapslova og reglane som følgjer av rekneskapsskikk.

### Inntekter

Inntekter er rekneskapsførde når dei er opptente, altså når krav på vederlag oppstår. Dette skjer når ein yter tenesten, i takt med at ein utfører arbeidet. Inntektene er rekneskapsførde med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

### Fordringar

Fordringane er førde opp i balansen med fordringa sitt pålydande etter frådrag for konstaterte og venta tap.

### Utsett skatt

Utsett skatt i resultatrekneskapen er skatt kalkulert ut frå endringar i mellombelse skilnader mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdiar, og inngår som ein del av selskapet sine totale skattekostnader. Utsett skatt er sett av som langsiktig gjeld i balansen. I den grad utsett skatteføremon overstig utsett skatt, er utsett skatteføremon teke med i balansen dersom kriteriene for balanseføring er stetta.

### Note 1 – eigenkapital

	Aksje- kapital	Eigne aksjar	Over- kursfond	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
<b>Eigenkapital 1. januar 2006</b>	<b>2.250.000</b>	<b>0</b>	<b>6.338</b>	<b>-338.993</b>	<b>1.917.345</b>
<u>Endring i eigenkapitalen i året:</u>					
Kapitalutviding, registrert	230.000	0	5.750	0	235.750
Kapitalutviding, ikkje-registrert	49.000	0	1.470	0	50.470
Årsresultat	0	0	0	24.950	24.950
<b>Eigenkapital 31. desember 2006</b>	<b>2.529.000</b>	<b>0</b>	<b>13.558</b>	<b>-314.043</b>	<b>2.228.515</b>

Aksjekapitalen i selskapet pr. 31.12.2006 består av følgjande aksjeklassar:

	Antal	Pålydande	Bokført
A-aksjar, inkl. registret kapitalutv.	2.480	1.000	2.480.000
A-aksjar, ikkje-registrert kapitalutv.	49	1.000	49.000
<b>Sum</b>	<b>2.529</b>		<b>2.529.000</b>

# Norsk Bane AS

## Noter til rekneskapen for 2006

### Eigarstruktur

Dei største aksjonærane i selskapet pr. 31.12.2006 var:

	A-aksjar	Sum aksjar	Eigarandel	Røysteandel
Vinje kommune	200	200	7,9 %	7,9 %
Sauda kommune	200	200	7,9 %	7,9 %
Suldal kommune	200	200	7,9 %	7,9 %
privat aksjonær	111	111	4,4 %	4,4 %
Bø kommune	100	100	4,0 %	4,0 %
Odda kommune	100	100	4,0 %	4,0 %
Notodden Utvikling AS	99	99	3,9 %	3,9 %
Sauda Sparebank	75	75	3,0 %	3,0 %
privat aksjonær	60	60	2,4 %	2,4 %
Einar Velde	60	60	2,4 %	2,4 %
privat aksjonær	51	51	2,0 %	2,0 %
Sauherad kommune	50	50	2,0 %	2,0 %
Bø Sparebank	50	50	2,0 %	2,0 %
privat aksjonær	50	50	2,0 %	2,0 %
Tokke kommune	50	50	2,0 %	2,0 %
NAF Sauda og Suldal	50	50	2,0 %	2,0 %
Bykle kommune	50	50	2,0 %	2,0 %
Haugesunds Handelskammer	50	50	2,0 %	2,0 %
Etne kommune	50	50	2,0 %	2,0 %
privat aksjonær	50	50	2,0 %	2,0 %
<b>Sum &gt; 1 % eigarandel</b>	<b>1.706</b>	<b>1.706</b>	<b>67,5 %</b>	<b>67,5 %</b>
Sum øvrige aksjonærer	823	823	32,5 %	32,5 %
<b>Totalt antal aksjar</b>	<b>2.529</b>	<b>2.529</b>	<b>100,0 %</b>	<b>100,0 %</b>

Aksjar og opsjonar eigde av styremedlemar og dagleg leiar:

Namn	Verv	A-aksjar
Kjell Stundal	Styreleiar	19
Einar Velde	Nestleiar	60
Erling Svalastog	Styremedlem	10
Per Espen Fjeld	Styremedlem	3
Laura Seltveit	Styremedlem	5
Bjørn Vivelid	Styremedlem	5

# Norsk Bane AS

## Noter til rekneskapen for 2006

### Note 2 – skattekostnad

Skattekostnaden i år består av:

Betalbar skatt	0
Endring utsett skatt	9.702
<b>Total skattekostnad i år</b>	<b>9.702</b>

<b>Utsett skatt</b>	<u>31.12.06</u>	<u>1.1.06</u>	<u>Endring</u>
Netto grunnlag	-436.172	-470.824	34.652
Utsett skatt 28 %	-122.129	-131.831	9.702

Alle mellombelse skilnader vil ein kunne utlikne, og dette er gjennomført i kalkylen av utsett skatt.

### Note 3 – Tilsette, godtgjersle, lån til tilsette, m.m.

Lønskostnadene består av følgjande postar:

<b>Lønskostnader</b>	<b>2006</b>	2005
Løn	115.015	84.538
Folketrygdsavgift	16.214	11.921
<b>Sum lønskostnader</b>	<b>131.229</b>	96.439

Gjennomsnittleg tal på tilsette: 1

Norsk Bane AS har ikkje teikna tenestepensjon for denne eine tilsette av di stillingsomfanget ikkje overstiger 75 % av full stilling.

<b>Ytingar til leiande personar</b>	<b>Dagleg leiar</b>	<b>Styret</b>
Løn	111.750	0

### Revisor

Det er kostnadsført revisjonshonorar på kr. 5.000 i 2006.

## Posteringsdokumentasjon pr. 31.12.2006 – Norsk Bane AS

Nr.	Postering	Beløp	Debet	Kreditt
<b>Disponeringar</b>				
D5	Utsett skatt	9.702,00	8320 Endring utsett skatt	1070 Utsett skatteføremon
D22	Overf. frå eigenkapital	24.950,16	8990 Overf. til dekn.av udekt tap	2080 Udekt tap

## Norsk Bane AS

### Spesifikasjon av resultatrekneskapen

	2006	2005
<b>Salsinntekter</b>		
3000 Salsinntekt, avgiftspliktig	-51.800,00	-75.280,00
3190 Ref.bare utlegg for kjøpers rekn.	-19.454,63	-1.000,00
3400 Driftstilskot	-155.660,00	-142.500,00
	<b>-226.914,63</b>	<b>-218.780,00</b>
<b>Lønskostnader m.m.</b>		
5000 Løn til tilsette	102.692,00	75.480,00
5180 Opptente feriepengar	12.323,00	9.058,00
5182 Arb.gj.avg.av opptente feriep.	1.737,00	1.277,00
5400 Arbeidsgjevaravgift	14.477,00	10.644,00
	<b>131.229,00</b>	<b>96.459,00</b>
<b>Annan driftskostnad</b>		
6300 Leige kontorlokale	18.600,00	18.300,00
6340 Lys og varme kontor	2.364,66	2.066,07
6700 Revisjonshonorar	5.000,00	4.700,00
6790 Andre framande tenester	1.939,60	32.411,00
6800 Kontorrekvista	900,50	5.467,04
6840 Faglitteratur	1.055,00	2.215,00
6890 Kontorutstyr og vedlikehald	10.313,21	24.216,99
6900 Telefon	13.039,66	13.464,40
6940 Porto	1.753,60	2.260,00
7100 Bilgodtgjersle, oppgavepliktig	12.350,40	21.220,80
7140 Dokumenterte reiseutlegg	48.821,09	31.871,73
7150 Diett innland, utan overnatting	2.640,00	2.440,00
7151 Diett innland, med overnatting	10.840,00	11.360,00
7152 Natt-tillegg innland	2.000,00	5.200,00
7153 Diett utland, med overnatting	1.890,00	0,00
7154 Natt-tillegg utland	2.940,00	0,00
7390 Annan salskostnad	0,00	710,00
7710 Styremøte og generalforsamling	432,50	2.800,00
7770 Bankomkostningar	0,00	0,00
7798 Andre driftskostnader	0,00	0,00
	<b>136.880,22</b>	<b>180.703,03</b>

## Spesifikasjon av resultatrekneskapen

	2006	2005
<b>Finansinntekter</b>		
8040 Renteinntekt	-75.846,75	-46.629,04
8060 Valutavinst	0,00	0,00
	<u>-75.846,75</u>	<u>-46.629,04</u>
<b>Skattekostnad</b>		
8320 Endring utsett skatt	9.702,00	-3.291,00
	<u>9.702,00</u>	<u>-3.291,00</u>
<b>Overført til udekt tap / til dekning av ...</b>		
8990 Overført til dekning av udekt tap	24.950,16	-8.461,99
	<u>24.950,16</u>	<u>-8.461,99</u>

## Norsk Bane AS

### Spesifikasjon av balansen

	2006	2005
<b>Utsett skatteføremøn</b>		
1070 Utsett skatteføremøn	122.129,00	131.831,00
	<b>122.129,00</b>	<b>131.831,00</b>
<b>Kundefordringar</b>		
1500 Kundefordringar	75.000,00	223.767,64
	<b>75.000,00</b>	<b>223.767,64</b>
<b>Andre fordringar</b>		
1780 Krav på innbetaling av aksjekapital	0,00	51.250,00
	<b>0,00</b>	<b>51.250,00</b>
<b>Bankinnskot, kontantar o.l.</b>		
1930 Aksjekapitalkonto 2711.13.68134	2.571.019,72	1.984.378,31
1935 Overkurskonto 2711.13.65933	13,46	6,36
1936 Driftskonto 2711.13.69998	702,88	4.164,27
1950 Skattetrekkskonto 2711.13.71607	0,00	0,00
	<b>2.571.736,06</b>	<b>1.988.548,94</b>
<b>Aksjekapital, berre inkl. reg. kapitalutv.</b>		
2000 Aksjekapital, 2.529 aksjar à kr. 1.000	-2.480.000,00	-2.180.000,00
	<b>-2.480.000,00</b>	<b>-2.180.000,00</b>
<b>Overkursfond</b>		
2020 Overkursfond	-13.558,50	-6.338,50
	<b>-13.558,50</b>	<b>-6.338,50</b>
<b>Ikkje registrert kapitalutviding</b>		
2021 Aksjekapitalutv., 49 aksjar à kr. 1.000	49.000,00	-70.000,00
	<b>49.000,00</b>	<b>-70.000,00</b>
<b>Annan eigenkapital</b>		
2080 Udekt tap	-314.043,31	-338.993,47
	<b>-314.043,31</b>	<b>-338.993,47</b>

## Norsk Bane AS

### Spesifikasjon av balansen

	2006	2005
<b>Langsiktig gjeld elles</b>		
2290 Annan langsiktig gjeld	-402.000,00	-422.000,00
	<b>-402.000,00</b>	<b>-422.000,00</b>
<b>Leverandørgjeld</b>		
2410 Leverandørgjeld	-3.667,35	-3.785,04
	<b>--3.667,35</b>	<b>-3.785,04</b>
<b>Skattetrekk og andre trekk</b>		
2600 Forskotstrekk	0,00	0,00
2770 Skuldig arbeidsgjevaravgift	0,00	0,00
2780 Påløpt arbeidsgjevaravgift	-1.737,00	-1.277,00
	<b>-1.737,00</b>	<b>-1.277,00</b>
<b>Annan kortsiktig gjeld</b>		
2911 Gjeld til tilsette	-7.908,41	-3.253,78
2912 Gjeld til privatpersonar	-51.500,00	0,00
2940 Skuldig feriepengar	-12.323,00	-9.058,00
2740 Oppgjerskonto mva.	-1.214,13	-11.178,74
2980 Avsetn. framtidige forpliktingar	-60.000,00	-27.500,00
	<b>-132.945,54</b>	<b>-50.990,52</b>





Deloitte AS  
Sundgaten 119  
5527 Haugesund  
Telefon: 52 70 25 40  
Telefax: 52 70 25 41  
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Norsk Bane AS

## REVISJONSMELDING FOR 2006

Vi har revidert årsrekneskapen for Norsk Bane AS for rekneskapsåret 2006 som syner eit overskot på kr 24.950. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen inneheld resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram av styret for selskapet. Oppgåva vår er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av selskapet si forvaltning av formuen og rekneskaps- og internkontrollsystema. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for uttalinga vår.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si økonomiske stilling 31.12.2006 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Haugesund, 29.5.2007

Deloitte AS

Hans Grønnestad  
statsautorisert revisor

Audit. Tax & Legal. Consulting. Financial Advisory.

Member of  
Deloitte Touche Tohmatsu